

Eksamen

01. juni 2017

LBR3006

Økologisk landbruk 1

Programområde: Landbruk

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen vedlegg.
Informasjon om vurderinga	<p>Når du løyser oppgåvene må du beskrive dei vala du tar og grunngje dei. Du viser kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen ved å:</p> <ul style="list-style-type: none">• Presentere og bruke fagstoff, og grunngje synspunkta dine og forslaga til løysing på oppgåva• Trekkje inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva• Gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine• Meistre relevante grunnleggjande ferdigheiter• Bruke eksempel der dette er relevant• Bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein hensiktsmessig og påliteleg måte• Gjere greie for idégrunnlaget for økologisk landbruk• Gjere greie for politiske målsettingar, tilskotsordningar, regelverk og organisasjonar for økologisk landbruk• Drøfte fordelar og ulemper ved økologisk landbruk i nasjonal og internasjonal samanheng• Drøfte omgrepa kortreist mat og rettferdig handel• Gjere greie for statusen for økologisk landbruksproduksjon og vurdere framtidig utvikling med omsyn til omfang og kvalitet
Andre opplysningar	Eksamenssettet inneheld to oppgåver.

Oppgåve 1

Myndighetene har vedtatt eit nasjonalt mål på 15 % økologisk forbruk, jordbruksareal, omsetjing og produksjon innan år 2020. I dag er 1,1 % av maten som blir selt i Noreg økologisk. Det økologiske jordbruksarealet er på 5,3 %.

Frå 2003 til 2009 var det ei jamn auking i talet på økologiske primærprodusentar, frå 2466 til 2851, men frå då av har talet gått sterkt ned. I 2015 viser statistikken berre 2213 einingar.

Omfanget av økologiske areal viser same tendens. Frå 2009 til 2015 blei økoarealet, inkludert karensareal, redusert frå 560000 daa til 478000 daa.

For å nå det nasjonale målet treng ein ca. 1 million daa økoareal.

I jordbruksavtalen 2016-2017 er 107,2 millionar kroner sett av til økologisk produksjon.

- a. Diskuter moglege årsaker til at det nasjonale målet ser ut til å vere vanskeleg å nå.
- b. Kva meiner du om rammevilkåra som økobruka er tildelt frå det offentlege?
- c. Kva meiner du bør vere til stades av ressursar og ideologi for å drive ein økologisk produksjon?
- d. Diskuter utfordringar ved å drive økologisk kontra konvensjonelt.

Oppgåve 2

- a. Ein gardbrukar som driv med økologisk korn- og mjølkeproduksjon, har fått langtidsleie på 30 daa tilleggsjord hos ein nabo. Det er eit jordstykke med bakkeplanert mellomleire med lågt moldinnhald. Gje grunngjevne råd og vurderingar om god jord- og plantekultur på dette jordstykket med tanke på å sikre fruktbarheit i jorda på kort og lang sikt.
- b. Ein gardbrukar som driv med økologisk mjølkeproduksjon, har kyr som ligg relativt lavt i mjølkeyting. Diskuter ønsket om høg mjølkeyting i forhold til ønsket om god dyrevelferd og berekraftig forvaltning av ressursar, blant anna høg sjølvforsyningsgrad.

Bokmål

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen vedlegg.
Informasjon om vurderingen	<p>Når du løser oppgavene må du beskrive de valgene du tar og gi en begrunnelse. Du viser din kompetanse i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen ved å:</p> <ul style="list-style-type: none">• Presentere og bruke fagstoff, og begrunne dine synspunkt og forslag til løsning på oppgaven• Trekke inn ulike synspunkt og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger• Gjøre rede for resultatet/konsekvensene av dine faglige valg• Mestres relevante grunnleggende ferdigheter• Bruke eksempler der dette er relevant• Bruke fagterminologi, hjelpemidler og vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte• Gjøre rede for idégrunnlaget for økologisk landbruk• Gjøre rede for politiske målsettinger, tilskuddsordninger, regelverk og organisasjoner for økologisk landbruk• Drøfte fordeler og ulemper ved økologisk landbruk i nasjonal og internasjonal sammenheng• Drøfte begrepene kortreist mat og rettferdig handel• Gjøre rede for statusen for økologisk landbruksproduksjon og vurdere framtidig utvikling med hensyn til omfang og kvalitet
Andre opplysninger	Eksamenssettet inneholder to oppgaver.

Oppgave 1

Myndighetene har vedtatt et nasjonalt mål på 15 % økologisk forbruk, jordbruksareal, omsetning og produksjon innen år 2020. I dag er 1,1 % av maten som selges i Norge økologisk. Det økologiske jordbruksarealet er på 5,3 %.

Fra 2003 til 2009 var det en jevn økning i antall økologiske primærprodusenter, fra 2466 til 2851, men fra da av har antallet sunket sterkt. I 2015 viser statistikken bare 2213 enheter.

Omfanget av økologiske arealer viser samme tendens. Fra 2009 til 2015 ble økoarealet, inkludert karensareal, redusert fra 560000 daa til 478000 daa.


For å nå det nasjonale målet kreves ca. 1 million daa økoareal.

I jordbruksavtalen 2016-2017 er 107,2 millioner kroner avsatt til økologisk produksjon.

- a. Diskuter mulige årsaker til at det nasjonale målet synes vanskelig å nå.
- b. Hva mener du om rammebetingelsene som økobrukene er tildelt fra det offentlige?
- c. Hva mener du bør være tilstede av ressurser og ideologi for å drive en økologisk produksjon?
- d. Diskuter utfordringer ved å drive økologisk kontra konvensjonelt.

Oppgave 2

- a. En gardbruker som driver med økologisk korn- og melkeproduksjon, har fått langtidsleie på 30 daa tilleggsjord hos en nabo. Det er et jordstykke med bakkeplanert mellomleire med lavt moldinnhold. Gi begrunnede råd og vurderinger om god jord- og plantekultur på dette jordstykket med tanke på å sikre jordas fruktbarhet på kort og lang sikt.
- b. En gardbruker som driver med økologisk melkeproduksjon, har kyr som ligger relativt lavt i melkeytelse. Diskuter ønsket om høy melkeytelse i forhold til ønsket om god dyrevelferd og bærekraftig forvaltning av ressurser, blant annet høy selvforsyningsgrad.



www.vigoiks.no/eksamen